

Preike 22. juli 2018, Oslo domkirke  
9. søndag i treeinigstida, preiketekst Joh 8, 2-11

Kjære alle,

dei aller fleste av oss veit nøyaktig kor vi var då nyheitene frå regjeringskvartalet og seinare frå Utøya kom for nøyaktig sju år sidan.

Og for mange vart også Oslo domkirke og området rundt med det store blomsterhavet ein viktig stad for å prøve å kome til rette med det som skjedde.

Skjedde her oppe i regjeringskvartalet, bokstaveleg talt berre eit langt steinkast unna, og på AUF sin sommarleir på Utøya.

Dei aller fleste av oss kan stadig fortelje levande frå *kor* dei var då det skjedde og *kva* dei og vi gjorde i dagane etterpå.

Nokon kan det ikkje. (Pause).

Dette er ein dag også for å minnes dei. Ved regjeringskvartalet er det reist og innvia eit monument for å minnes dei som døde og det som skjedde, omringa av dei fire trea som stadig står er alle namna på enkeltmenneska som omkom rissa inn.

No er vi her, i domkyrkja, eit rom for lys og bønner, eit sørgjerom og eit håps rom.

Eg er glad for at statsministeren og representantar frå det offisielle Norge, dessutan mange frå Arbeidarpartiet og AUF og frå Nasjonal støttegruppe etter 22. juli er her i dag. For det som skjedde, må aldri skje igjen. ”Fremad og aldri glemme”, som det heiter i ein kampsong frå arbeidarrørsla.

I alle kyrkjer i landet der det no er gudsteneste, høyrer menigheita ei forteljing frå Johannes-evangeliet som har vore omdiskutert frå første stund. Ho finst ikkje i mange av dei eldre handskriftene. Nokre meiner derfor at ho blei skrive ned lenge etter resten av evangeliet. Men det kan jo også godt hende at *nokon* i etterkant har synst dette har vore for drygt og upassande.

Det er altså ei kvinne som står der omringa av folk med steinar i hendene. Evangelisten seier ikkje kva kjønn hadde. Men det kan vi jo også godt tenke oss. Det dreidde seg om skriftlærde og farisearar. Ho skulle bli steina for eit lovbrott ein treng minst to for å gjere. Og frå det vi

veit frå kvinneforteljingar frå det gamle testamentet var det oftast, då som no, menn som a) utførte valdshandlingar og b) som ikkje vart straffa for det.

Jesus kjem inn på scena og får høyre kva det gjeld, kva som er årsaka til den aggressive stemninga og valden som er på nippet til å bryte ut: Kvinna har blitt tatt i hor og ho skal steinast. Ikkje for at dei her noko personleg mot ho, men fordi det står i lova.

Jesus seier deretter at den som er syndfri kan kaste den første steinen. Dei ser alle litt usikkert på kvarandre, reknar med at nokre av leiarane vil gå foran for å utføre dette bibelske straffetiltaket. Men steinane fell ut av hendene. I tur og orden frå ein etter ein av dei som står der. Steinane blir eit lite monument over ikkje-valdeleg motstand. Og så tuslar folka bort.

Mens dette skjer, mens minnesmerket tar form, sit Jesus på bakken og han skriv i sand. Då alle er gått, stiller han nokre spørsmål. Kvinna sjølv får svare: ”Kvar er dei, kvinne?” ”Var det ingen som dømde deg?”

”Nei, ingen.”

Jesus, han kristne trur viser oss Guds ansikt, seier: ”Heller ikkje eg fordømer deg,” Og først då, etter at ho står der, oppreist, seier han: ”Gå bort og synd ikkje meir.”

Og kvinna går bort i fridom, levande. Kva ho gjorde seinare, veit vi ikkje. Det var ikkje noko Jesus eller disiplane på noko vis skulle overvake. Kvinna vart sett fri og redda frå tortur og ein valdsam og offentleg død.

Jesus stod opp utan våpen mot ei aggressiv overmakt av menn med steinar i hendene.

Vi minnest også denne historia i dag, ei unntaksforteljing, ein visjon, om ei kvinne som blir redda i ein patriarkalsk valdeleg kultur.

Alt for ofte når vi i kyrkja snakkar om slike forteljingar om Jesus sine møte med kvinner, gjer vi desse kvinnene, som dessverre i stor grad er namnlause, til representantar for oss alle. Og på ein måte er dei jo det.

For vi kvinner er også menneske. Men det skulle gå mange år og mykje kamp før det vart klart at kvinner sjølv sagt i praksis er like mykje verd og har dei same rettane som menn.

Ved å allmenngjere desse kvinnene i bibelen, forsvann dei ut av historia nettopp som enkeltmenneske med ansikt og namn. Dei har blitt usynlege.

*Men* det var faktisk mange kvinner der, mange av dei heit Maria. Om ei namnlause kvinne som salve føtene til Jesus for han sjølv vart torturert og avretta av okkupasjonsmakta, sa Jesus at det ho gjorde skal ein minne kvarandre om, *In Memory of Her*, som det heiter i ei viktig bok av feminist-teologen Elisabeth Schüssler Fiorenza.

Vi har tatt vare på dette første kvinnelege pionerane i alt for liten grad. Dei har forsvunne inn i den store namnlause mengda, av menneske. Men skal vi minnes, og det skal vi, må vi tale sant. Om desse kvinnene og om det som skjedde 22. juli.

Det er sant det dåverande statsminister Jens Stoltenberg og heile det politiske Norge sa i etterkant av terror-handlinga for sju år sidan: Det *var* ei handling retta mot heile vårt demokrati og vår samfunnsorden. Det er rett, men det er også meir å seie. Eg har sett på denne lista over døde som no står inngravert på minnesmerket. Fleire med namn som viser at slekta ikkje hadde budd lenge i Norge.

Vi veit no til overmål at terrorangrepet var retta mot Arbeidarpartiet og venstresida, og at det var motivert av framandfrykt og særleg islam-hat. Dessutan, lat oss ikkje gløyme det, angrepet var retta mot kvinnelege leiarar og mot alle formar for feminisme.

Så ja. Det er mykje å ta fatt i når det gjeld kulturar som til dømes praktiserer steining og undertrykker kvinner i lovverk og i all offentlegheit. Her gjer internasjonale organisasjonar ein viktig og nødvendig innsats. Men lat oss i dag også feie litt for eigen dør, rydde i litt av det støvet som er falt i det som kunne blitt ein åstad for nok eit angrep på kvinner.

For det er jo sannsynleg at mange av dei som stod i ferd med å kaste steinar, gjorde det i god tru. Hadde dei blitt spurt av ville mange sagt at ”dette er jo ikkje særleg lystbetont, men vi må berre følgje Bibelens klåre ord”. Og det har dei på ei måte rett i. Denne straffa er solid bibelsk begrunna. Liknande straffer finst også for homoseksuelle handlingar mellom menn. Så på ein måte har dei orda sine i behald, men berre på ein måte.

Det har vore mange som har lurt på kva Jesus skreiv i sanda den hendingsfulle dagen. Mange av oss hugsar stadig Rudolf Nilsens påminning: ”Intet er mer som skrift i sand enn løfter om kjærlighet.” Kanskje teikna Jesus eit portrett av kvinna? Kanskje skreiv han eit dikt? Her har vi fridom til å førestille oss mange resultat av denne skrivinga, alle flyktige og raskt etter

viska ut, *gone with the wind* . Eg for min del trur at han teikna ein strek. Hit, men ikkje lenger. Nok er nok.

Ein strek. Og utfordringa vår er å finne ut kva det betyr i dag. For vårt arbeid mot vald og trakassering av kvinner, framande og skeive.

I kyrkja har vi ei spesiell utfordring: Nettopp å arbeide med tekstar frå Bibelen som har undertrykt kvinner og skeive gjennom hundreår og å setje ein strek. Seie tydeleg frå at sjølv om nokre av orda står i Bibelen, er det ikkje bibelsk å oppføre seg slik. Eller meir presist: Det er ikkje i samsvar med evangeliet.

Vi er kalla til å følgje Jesus. Det betyr å setje ein strek og å stå opp mot alle former for undertrykking og forskjellsbehandling. Den kristne trua handlar om at Gud har skapt alle og at ho ikkje gjer forskjell på folk.

Litt av vår oppgåve som kristne og som samfunnsborgarar er å følgje etter Jesus, også i å sette slike strekar og å slå ring om dei som blir trakassert og utsett for vald. Nok er nok.

Av og til vil det koste. Dette er også eit år der vi minnest at det er femti år sidan borgarrettsforkjemparen Martin Luther King var myrda. Som Jesus stod Martin Luther King offentleg opp mot overmakta og statsapparatet og lovgjevinga. Og no femti år seinare, kan vi slå fast at kampen på ein måte førte fram. På den andre sida: Rasismen er ikkje død, om nokon skulle tru det. Hatet fins. Her er stadig arbeid som må bli gjort.

Nokon vil ikkje at vi skal synge songen. Nokon vil ikkje høyre at Norge *er* mangfald, nokon vil ikkje høyre sanninga:

Og i dette sjuande året har vi igjen og igjen blitt minna om at den songen *må* syngast *høgt* : Det er også ein måte å heidre dei vi minnest i dag. Dei som vart drepne i eit angrep retta mot verdiar som demokrati og likeverd.

”Sammen skal vi leve, hver søster og hver bror, små barn av regnbuen og en frodig jord.” Lat oss synge saman:

*”En himmel full av stjerner, blått hav så langt du ser, en jord der blomster gror, kan du ønske mer. Sammen skal vi leve hver søster og hver bror, små barn av regnbuen og en frodig jord.”*  
(Lillebjørn Nilsen/ Peter Seeger)

Nokre av oss har høyrte at "tida leger alle sår". Mange har opplevd at det ikkje er sant. Såra fint der stadig, nokre er synlege, nokre er sår i sjela. Lat oss denne dagen prøve å gjere slik mange opplevde at vi gjorde dei første dagane etter at det ufattelege skjedde: Vere saman, snakke om kjenslene og stå saman i arbeidet med å minnest og å kjempe for at det ikkje skjer igjen. Minnearbeid er som sorgarbeid. Det er eit arbeid, ja. Det er tungt. Vi må prøve å bere det saman. *In memory of her*. Mens vi minnest han og ho som stadig har ansikt og namn for oss.

Gud velsigne oss alle i det vidare minne-og sorgarbeidet. Og i arbeidet med å tale sant om det som skjer. Amen

Kari Veiteberg 22.07.2018

Av og til vil det koste. Dette er også eit år der vi minnest at det er femti år sidan borgarrettsforkjemparen Martin Luther King var myrda. Som Jesus stod Martin Luther King offentleg opp mot overmakta og statsapparatet og lovgjevinga. Og no femti år seinare, kan vi

slå fast at kampen på ein måte førte fram. På den andre sida: Rasismen er ikkje død, om nokon skulle tru det. Hatet fins. Her er stadig arbeid som må bli gjort.

Nokon vil ikkje at vi skal synge songen. Nokon vil ikkje høyre at Norge er mangfald, nokon vil ikkje høyre sanninga:

Og i dette 7 året har vi igjen og igjen blitt minna om den songen MÅ syngast, av nødvendighet, **høgt** :

**Det er også** ein måte å heidre dei vi minnest i dag. Dei som vart drepne i eit angrep retta mot verdiar som demokrati og likeverd.

”Sammen skal vi leve, hver søster og hver bror, små barn av regnbuen og en frodig jord.”

Syng med eit vers: ”En himmel full av stjerner, blått hav så langt du ser, en jord der blomster gror, kan du ønske mer? .... Sammen skal vi leve..”

Nokre av oss har høyrte at tida leger alle sår. Mange har opplevd at det ikkje er sant. Såra fint der stadig, nokre i bokstaveleg forstand, nokre som sår i sjela. Lat oss denne dagen prøve å gjere som mange opplevde at vi gjorde dei første dagane etter at det ufattelege skjedde, vere saman, snakke om kjenslene og stå saman i arbeidet med å minnest og å kjempe for at det ikkje skjer igjen. Minnearbeid er som sorgarbeid, det er eit arbeid ja, det er tungt, og vi må prøve å bere det saman. *In memory of her*. Mens vi minnest han og ho som stadig har ansikt og namn for oss. Gud velsigne oss alle i det vidare minne-og sorgarbeidet. Og i arbeidet med å tale sant om det som skjer.